



No får uskedalingane sjansen tilå støtta opp om storstua Helgheim som treng meir midlar til vidare opprusting. Ein giro kjem i postkassane og ein kan bli medlem eller støttemdlem for 200 eller 150 kroner.

Utgangspunktet for at ungdomslaget har teke dette initiativet er at lokalet framleis er inne i ein omfattande rehabilitering som har vara sidan 2007.

Det er skifta tak,,heile huset har fått utvendig måling, vindauge er skifta oppe og nede, golvet i hovudsalen er slipt ned og lakka, matsalen nede er måla slik at den er lys og triveleg og fornying av elanlegget er starta.

Men det som står att er nytt kjøken og toalettanlegg. Sparebank 1-stiftinga har støtta med 75 000 til toalettanlegget men restaureringa av kjøken og toalett er svært kostnadskreivande. Difor ber laget bygdefolket om støtte.

Helgheim vert nytta til bryllup,,bursdagsfeiringar, korøving for Røysterett for alle, linedancegruppe. dansekveldar, bingo, basarar, barnediskotek og mykje meir.

Laget vil gjerne gjera huset til ein triveleg opphaldsstad for bygdefolk og andre, understrekar ungdomslaget i skrivet sitt til bygdefolket.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen